



KINN KOMMUNE
Postboks 294
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

Vedtak om endra løyve for opprydding i forureina grunn – Litlevatnet, Kinn Kommune

Vi viser til søknad datert 2. mars 2022 om endra løyve etter forureiningslova og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden.

1 Vedtak

Statsforvaltaren endrar Kinn kommunes løyve til forureining. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Endringane i løyvet gjeld frå dags dato.

Verksemda får etter endringa løyve til å mellomlagre oppgravne massar klassifisert som farleg avfall frå 300-metersbana i inntil 72 timar på nærare spesifisert område.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endra med heimel i § 18 første ledd nummer 5.

Varsel om saksbehandlingsgebyr

Statsforvaltaren tek gebyr for arbeidet med løyve. På bakgrunn av dei opplysningane som vart gitt i søknaden, er saka førebels plassert i gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyret vil då vere 17 500 kroner.

Dersom vi brukar vesentleg meir tid på saka enn det som ligg til grunn for sats 7, kan gebyrsats 6 nyttast. Endeleg gebyr vil bli fastsett og faktura vil bli sendt når saka er behandla.



2 Kort om bakgrunnen for saka

Statsforvaltaren ga Kinn kommune løyve 26 juni 2021 til tiltak i forureina grunn på lokalitet 10683 Litlevatnet – skytebane. Grunna utfordringar med å nå miljømåla, har Kinn kommune søkt om å kunne mellomlagre oppgravne massar klassifisert som farleg avfall frå bakterrenget til 300-metersbana i inntil 72 timar.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte, slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Miljømåla for løyve er at etter gjennomførte tiltak skal tiltaksområdet ikkje lenger vere ei nemneverdig kjelde til helsersisiko for brukarar av området. Konsentrasjonen av avrenning frå tiltaksområdet skal vere nær bakgrunnsnivå.

Terrenget bak 300-metersbana er bratt og utilgjengeleg, med eit toppdekke beståande av jord med større stein, stubbar og knust fjell. Dette har ført til praktiske utfordringar med fjerning av forureina massar. Dette kan i sin tur føre til problem med å oppnå ønska miljømål med tiltaket. Ved å kunne mellomlagre massane i inntil 72 timar vil tiltakshavar ha betre forutsetningar for å fjerne massar/jord som kan medføre uakseptabel fare for helse og miljø.

Alle krava i løyvet gjeld også graving ved 300-metersbana, mellom anna dei utsleppsreducerande tiltaka. Det er i tillegg satt krav om særskilt avbøtande tiltak for å redusere faren for forureining ved den utvida mellomlagringa. Når mellomlageret er avslutta må dei underliggende massane behandlast etter krava i løyvet.



Tiltakshavar vil med endringa ha betre forutsetningar for å fjerne massar som inneheld tungmetall og dermed oppnå miljømålet. Disse tungmetalla vil over tid lekke til Litlevatnet dersom dei ikkje vert fjerna. Det er ikkje grunn til å tru at endringa vil føre til nemneverdig skade på naturmangfaldet eller vere til hinder for krava i vassforskrifta. Statsforvaltaren vurderer at endringa vil vere til gunst for miljøet på lengre sikt. Vi viser elles til vurderingane etter naturmangfaldlova og vassforskrifta som vart gjort i vedtaksbrev og løyve datert 26 juni 2021.

Statsforvaltaren har konkludert med at endringa er akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningsliner i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene ved endringa samanstilte med fordelar og ulemper endringa elles vil føre med seg, endrar vi løyve til Kinn kommune på nærare fastsette vilkår.

3.2 Grunngeving for utvalde vilkår og krav

3.2.1 Mellomlagring av massar klassifisert som farleg avfall frå 300-metersbana (nytt punkt 4.4.1 i løyvet)

Mellomlageret skal plasserast i eit område der det framleis ligg att farleg avfall i toppdekket og dermed må ryddast når mellomlagringa er avslutta. Det er sett krav om avbøtande tiltak for å hindre forureina avrenning. Mellom anna avskjering av overflatevatn i overkant av mellomlageret og etablering av sandvollar med overliggande fiberduk nedstraums mellomlageret. Massane må også dekkes til med tett presenning.

4 Faktagrunnlag

4.1 Kort informasjon om verksemda og utsleppa

Viser til vedtaksbrev og løyve datert 28. juni 2021.

5 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

5.1 Korrespondanse

Det vart halde eit møte mellom Statsforvaltaren, Kinn Kommune, tiltakshavar og Norconsult 24. februar 2022 for å blant anna diskutere utfordringane med opprydding rundt 300-metersbana.

5.2 Førehandsvarsel og uttalar/fråsegner

Saka er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-6. Vi vurderer at endringa av løyvet vil vere av mindre miljømessig betydning, og førehandsvarsel etter §§ 36-7 er dermed unntatt jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b.

Statsforvaltaren har vurdert bedrifta sine kommentarar ved behandlinga av søknaden.



6 Klagerett

Kinn kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvedokument



Kinn kommune
postboks 294
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Vedtak om løyve etter forureiningslova – Litlevatnet - nedlagt skytebane

Statsforvaltaren gir Kinn kommune løyve etter forureiningslova til tiltak i forureina grunn og til utfylling i Litlevatnet.

Tiltaka skal sikre at omsøkt areal kan nyttast til planlagt føremål, utan at det er uakseptable helsemessige utfordringar knytt til arealføremålet. I løyvet er det kravd tiltak for å minimalisere forureining under grave- og tildekkingsarbeidet. Det er og satt krav til overvaking av avrenning frå området til Litlevatnet under og etter gjennomførte tiltak. Tiltakshavar må føre kontroll med sine utslepp og rapportere til Statsforvaltaren.

Vi viser til søknad datert 5.3.2021 og tiltaksplan utarbeidd av Norconsult 19.2.2021.

Vedtak

Statsforvaltaren gir Kinn kommune som ansvarleg tiltakshavar løyve til graving i og tildekking av forureina grunn på forureina grunn lokalitet 10683 Litlevatnet – skytebane¹. Løyvet omfattar også utfylling i Litlevatnet med føremål å kunne etablere idrettshall. Løyvet med vilkår følgjer med som vedlegg. Løyvet gjeld frå i dag, og tiltaksfasen er avgrensa til 1.7.2025. Statsforvaltaren er delegert avgjerdsrett for alle terrenginngrep på lokaliteten frå Miljødirektoratet den 25.4.2019. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Tiltakshavar skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si saksbehandling. Gebyret er fastsett til 67 500,- kroner. Vedtaket om gebyr er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 39-4. Miljødirektoratet vil krevje inn gebyret til staten.

¹ <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>



Fristar

Minst 4 veker før oppstart skal tiltakshavar sende oppdatert oversikt over plan for gjennomføring som omtalt i pkt. 9.1 i løyvet.

Løyvet set elles krav til utarbeiding av nødvendige kontroll- og overvåkingsplanar. Rapport om gjennomførte tiltak skal sendast til Statsforvaltaren så snart som råd og innan 6 månader etter avslutting.

I årsrapportering av overvåkingsdata må tiltakshavar vurdere utsleppsresultat og vurdere om andre/nye tiltak bør setjast i verk.

Kort om bakgrunnen for saka

Skytebana ved Litlevatnet har vore nytta i lang tid, truleg sidan 1860-talet. Aktiviteten har etter måten vore stor fram til nedlegging i tida 2014 - 2017. På grunn av historisk stor aktivitet, nær vassresipient og nærturområde til Florø, bad dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om at lokaliteten vart granska. Granskingane har vist at området er dels sterkt forureina av tungmetall. Påverknaden på helse og miljø er vurdert å vere uakseptabel for noverande og framtidig påtenkt bruk. Det er difor behov for å gjennomføre tiltak. Graving i forureina grunn er ikkje tillate utan godkjenning frå forureiningsstyresmakta. Kinn kommune som ansvarleg tiltakshavar har søkt Statsforvaltaren i Vestland om å rydde opp i forureininga. Masse/jord som kan medføre uakseptabel fare for helse ved planlagt bruk vil verte fjerna frå overflatelaget eller om mogleg dekt til. For å få plass til idrettshall på delar av området har kommunen behov for å fylle ut noko masse i Litlevatnet.

Ved denne type opprydding er det ikkje tale om å fjerne all forureining tilbake til førindustrielle nivå. Målsettinga vil vere nivå der arealbruken etter opprydding ikkje medfører nemneverdig skade eller fare for helse.

Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, legg vi vekt på ulempene ved tiltaket som er knytt til forureininga samanlikna med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver myndigheit. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når vi tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.



Plan- og bygningslova

Forureiningsstyresmakta skal samordne sin saksbehandling med planstyresmaktene slik at planlovgivinga saman med forureiningslova vert nytta for å unngå og avgrense forureinings- og avfallsproblem. dersom verksemda vil vere i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova, skal Statsforvaltaren berre gje løyve etter forureiningslova med samtykke frå planstyresmakta.

Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Grunngjeving for vedtaket

Det er påvist dels sterkt forureina massar som må handterast som farleg avfall. Bly er særleg problemfylt for eksponering mot helse, men også utselepp frå andre tungmetall vil ha noko å seie for helse og naturmiljøet. Lokaliteten er klassifisert med påverknadsgrad 3 i databasen Grunnforurensning. Det vil seie at forureininga er uakseptabel og at tiltak mot helsefare er nødvendig vurdert etter arealbruk i dag. Kinn kommune har behov for delar av arealet til idrettsfremål, og ønskjer å kunne rydde forureina grunn til akseptable nivå.

Etter ei samla vurdering har Statsforvaltaren konkludert med at omsøkte tiltak vil oppnå ei tilfredsstillande sikring av helse og miljøkvalitet. Vurderingane våre har teke utgangspunkt i dei teknikkane som ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av arealet og av økonomiske forhold, gir dei best oppnåelege resultat

Vurdering etter naturmangfaldlova

I Artskart er det registrert både nær truga og sårbare artar i eller rett ved tiltaksområdet. Det er ikkje registrert framande skadelege artar innafor tiltaksområdet. Det er ikkje sett direkte krav om ny inventering/gransking, men tiltakshavar må ha eigen eller tilgang til kompetanse for å kunne kjenne igjen og gjere tiltak mot artar som er problematiske. Like ved eller nær er det registrert fleire artar i kategori SE (svært høg risiko, framand art). Om slike artar vert påvist i tiltaksområdet, må dei markerast i terrenget og destruerast/gjerast spiringsudyktig slik at dei ikkje vert spreidd eller etablerer seg (punkt 4.2 og 8.3). Eventuelle truga eller sårbare artar som vert røka av tiltaket må ein gjere tiltak for vern og vurdere eventuell reetablering. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka i hovudsak skal vere basert på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er med det oppfylt.

Området vil etter tiltaket framstå som lite til moderat forureina, og naturmiljøet vert lite utsett for skade på sikt. Omsynet til og vurderingane etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12, er med det dekt av krava i løyvet.

Vurdering etter vassforskrifta

Tidlegare aktivitet har ført til akkumulering av tungmetall mange stader i tiltaksområdet. Tungmetall lek til Litlevatnet. Utan tiltak vil utlekking skje i lang tid, og miljøtilstanden i Litlevatnet kan verte forringa. Litlevatnet er klassifisert med god kjemisk tilstand. Ved utløpet til Storevatnet er det ikkje påvist at vatnet er nemneverdig forureina frå den forureina grunnen.

Under tiltaket vert det venta at forureining til Litlevatnet vil auke noko. Grenser for utsleppsnivå er satt etter fagleg skjøn og ut frå det som er vurdert å vere teknisk og økonomisk mogleg å oppnå. Ved eventuelle store nedbørmengder kan det vere behov for særskilte tiltak eller mellombels stans i arbeidet.

Etter at oppryddinga er ferdig, har vi kravd overvaking av avrenning for å kunne dokumentere at utsleppsnivåa etter ei tid ikkje er nemneverdig høgare enn bakgrunnsverdiar.



Tilhøve til plan

Området er i gjeldande kommunedelplan avsett til naturområde og til idrettsanlegg. Vi vurderer at aktiviteten er i samsvar med kommunal plan.

Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

Nedanfor er det gitt forklaringar på nokre vilkår og krav i løyvet der vi har vurdert behov for meir spesifikk grunngjeving.

Krav til gjennomføring

Som akseptkriterium for oppryddinga er det teke utgangspunkt i nasjonal inndeling av forureina grunn i tilstandsklassar². Forureina grunn er jord/massar der forureining er høgare enn normverdi (definert i kapittel 2 i forureiningsforskrifta). Noko forenkla vil det seie at grunn i tilstandsklasse 2 er forureina, men framleis eigna for bustadføre mål utan uakseptabel helsefare, tilstandsklasse 3 er eigna for naturområde eller for redisponering og isolering i djupare lag. For turområde som er forureina frå skyteaktivitet og som vert lite nytta, kan det også vere akseptabelt å la noko meir forureining liggje att etter opprydding. Tilstandsklasse 4 og 5 skal normalt fjernast, om ikkje særlege vurderingar eller tiltak gjer det forsvarleg å la liggje isolert i djupare lag. I dette området er det også funne grunn med innhald over tilstandsklasse 5. Konsentrasjonane viser at desse massane er farleg avfall etter kriteria i kap. 11 i avfallsforskrifta, og må alltid fjernast.

Både i søknaden og i vilkåra for graving er det teke utgangspunkt i ambisiøse mål. Vurderinga av at grunn i tilstandsklasse 3 som hovudregel bør liggje er teke av omsyn til auka forureiningsspreiing under eventuelle tiltak, sett mot avgrensa helseeffekt ved fjerning og kostnader ved oppgraving. Då området er venta å verte hyppig brukt, også av barn og som nærturområdet for ein større folkemengd, meiner Statsforvaltaren at eventuell utfylling/redisponering av forureina masse i overflatelaga ikkje bør kome frå lokale massar i dårlegare tilstandsklasse enn 2. Vi meiner det er helse- og miljømessig forsvarleg å tillate redisponering av forureina masse i tilstandsklasse 3 i djupare lag – det vil seie under ein meter under overflate. Slik disponering kan likevel berre skje der massane vil liggje over grunnvassnivåa.

Mellombels lagring av massar (punkt 4.1 i løyvet)

Oppgraving, lagring og anna handtering av jord/massar kan føre til støving når det er tørt, avrenning under nedbør og at søl/restar vert liggande att ved vidare levering. Tiltakshavar må difor vurdere passande tekniske tiltak for å hindre eller minimere slik miljøulempe. Eventuelt behov for å spyle reint ein fast overflate der forureina masse har vore lagra, bør t.d. først skje etter at overflata er skrapa rein eller feia.

Områda for mellombels lagring må vere tilstrekkeleg store til at massar med ulik tilstandsklasse ikkje vert blanda.

Utfylling i Litlevatnet (punkt 4.5 i løyvet)

Idrettshallen føreset noko utfylling i Litlevatnet. Vedlagt løyve tek berre stilling til korleis slik utfylling kan gjerast mest mogleg skånsamt etter forureiningslova, og med dei tilleggsomsyna vi då har gjort etter naturmangfaldlova og vassforskrifta. Ved søknadstidspunktet var det uavklart om utfylling ville påverke eventuelle forureina sediment i den delen av Litlevatnet. Det er difor sett tilleggskrav om

² omtale finn ein i Miljødirektoratet (før SFT) sin rettleiar TA-2553/2009 "Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn" som kan hentast frå nettsida <https://www.miljodirektoratet.no/>



gransking. Ved eventuell påvising må det gjerast tiltak for å hindre spreiring av slike sediment utanfor tiltaksområdet. Tekniske tiltak må vurderast av tiltakshavar saman med kompetent rådgjevar. Vanleg nytta teknikkar kan mellom anna vere ein eller fleire av slikt: tildekking med reine sandmassar, tildekking med fiberduk, siltgardin (fysisk eller boblegardin).

Utslepp til vatn (punkt 4.6.1 i løyvet)

Under oppryddinga vil massar verte grave opp, mellomagra før vidare transport, og anten sluttbehandla på godkjent avfallsanlegg eller redisponert på eigna område i tiltaksområdet. Alle prosessane vil medføre auka fare for spreiring av forureining. Hovudforureininga i område kjem frå brukt ammunisjon og ligg i utgangspunktet føre som partiklar – før erosjon bryt ned. Grenser for utslepp er fastsette ut frå kva som er nødvendig for eit effektivt og mest mogleg kortvarig gravearbeid, kva miljøet må kunne tôle kortvarig, og kva for varig miljøforbetring tiltaket ventar å kunne føre til.

Suspendert stoff i Litlevatnet utanfor tiltaksområdet vil vere ein viktig styringsparameter. Parameteren skal målast kontinuerleg for å kunne vurdere tiltak ved eventuelle høge verdiar. Andre parameter (med unnatak olje) skal takast som blandprøver ved passande intervall. Tiltakshavar må avgjere om prøver bør eller kan takast med automatiske prøvetakarar , eller om det er mest hensiktsmessig å ta manuelle delprøver gjennom eit driftsdøgn.

Tiltak mot akutt forureining (punkt 7 i løyvet)

Det er føresett at tiltakshavar berre nyttar underleverandørar med tilstrekkeleg kompetanse og akseptabel internkontroll for dei aktivitetane som kan ha ein verknad på det ytre miljøet. Det vil verte auka spreiring av forureining (kortvarig) som følgje av tiltaket. Ut over tillatne rammer for utslepp må tiltakshavar syte for at faren for akutt forureining er vurdert, at tiltak ved eventuelle akutte utslepp vert sett i verk og at aktiviteten må kunne stoppe mellombels dersom eigen kontroll viser/finn akutte utslepp eller utsleppsnivå over fastsette grenseverdiar.

Utsleppskontroll (punkt 8 i løyvet)

Vi har sett krav om at tiltakshavar skal gjennomføre utsleppskontroll og overvaking av utslepp under og noko tid etter ferdig opprydding. Tiltakshavar må saman med uavhengig kompetanse vurdere kva som skal takast prøver av, prøvetakingsfrekvens og kva det skal analyserast på. Resultata må vurderast fagleg slik at tiltak kan setjast inn om det vert nødvendig.

Rapportering (punkt 9 i løyvet)

Alle relevante miljøforhold før under og etter tiltaket skal samanfattast og rapporterast. Rapportane vil vere offentlege. For å kunne sikre/vurdere effekten av tiltaket skal det også vere overvaking av næraste vassførekomst (Litlevatnet) ei tid etter gjennomført opprydding.

Når sluttrapporten over gjennomførte tiltak er godkjent, vil Statsforvaltaren endre klassifiseringa i databasen Grunnforurensning til påverknadsgrad 2, det vil seie akseptabel påverknad med planlagt arealbruk.



Faktagrunnlag

Resipientar og miljøtilstand

Tilstand i vassførekomsten

Tiltaksområdet har avrenning mot Litlevatnet som renn ned mot Storevatnet og vidare til sjø. Storevatnet er vurdert å verte mindre røka av tiltaket. Litlevatnet er registrert med moderat økologisk tilstand og har god kjemisk tilstand.

Trua/sjeldne artar og framande artar

I Artskart (<https://artskart.artsdatabanken.no>) er det registrert kystvannymfe (augestikkar, nært trua), bergand (fugl, sårbar), snadderand (fugl, nært trua), og fiskemåke (fugl, nært trua) i Litlevatnet. Det er registrert framande, skadelege artar rett ved eller nær ved området, mellom anna parkslirekne og platanlønn. Begge desse artane er klassifisert med svært høg risiko. Erfaring viser at artane spreier seg lett, kan danne store og tette bestandar og er vanskelege å fjerne etter etablering.

Det er førekomst av aure og røye i Storevatnet. Tidlegare har det vore oppvandring av sjøaure. Oppvandring vart truleg øydelagt ved vegbygging i utløpet allereie for 50 – 60 år sidan. Truleg er det også for stort vandringshinder før Litlevatnet. Vatnet var tidlegare nytta som drikkevatt og det vart då etablert ein betongterskel i utløpet samstundes med noko oppdemming. Etter vassforskrifta er det eit mål å kunne etablere naturlege fiskestammar i vassdraget.

Planstatus

Området er dekt av kommunedelplan for Florø sentrum (2018 – 2022). Arealbruken er avsett til idrettshall og naturområde.

Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova. Søknad om tiltak mot forureina grunn skal vurderast av anten Miljødirektoratet eller Statsforvaltaren. Saker om bygge- eller gravearbeid i forureina grunn skal i utgangspunktet handsamast av kommunen etter kap. 2 i forureiningsforskrifta. For å kunne handsame heile tiltaket under eitt, har Statsforvaltaren fått avgjerdsrett frå Miljødirektoratet etter forureiningslova.

Korrespondanse

Statsforvaltaren har generelt oppdrag om å setje krav til gransking og eventuelt påleggje tiltak ved alle forureina grunn - lokalitetar i databasen Grunnforurensning som er klassifisert med uakseptabel eller ukjent påverknad. Dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (no Statsforvaltaren i Vestland) varsla i 2015 at grunnen ved skytebanan – som då var i ferd med å verte nedlagt, måtte granskast. Erfaring frå andre skytebanar, nærleik til vassførekomst og bruk av området gjorde det sannsynleg at tiltak måtte setjast i verk for å redusere helsefare og miljøpåverknad.

Allereie i 2014 gjorde konsulentfirmaet COWI ei forundersøking der det vart klart at grunnen var forureina. Firma Asplan Viak har i tida 2017 – 2020 gjort nærare miljøtekniske granskingar, gransking av biologisk mangfald og vurdert moglege miljøtiltak. Kommunen har planar for idrettshall på delar av området. Utan planar for arealbruksendring, ville det gå noko tid før Statsforvaltaren kunne ha tilstrekkeleg oversikt over alle nedlagte skytebanar i fylket og gjere ei prioritering. For å kunne handsame saka no, måtte difor Statsforvaltaren ha søknad om oppryddingstiltak. I dialogen mellom



Kinn kommune og Statsforvaltaren har det vore avklart kva for tiltak som kan gjerast utan løyve (uttak av skog og graving i samband med miljøteknisk gransking), og kva for grunnlag søknaden må innehalde.

Førehandsvarsel og uttalar

Saken er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta kap 36 i tre aviser og på vår nettside. Frist for å gi uttale var 23.4.2021.

Det har ikkje kome merknader til søknaden etter høyringa.

Underretning og klagerett

Det har ikkje kome merknader til søknaden i høyringstida. Saka er elles omtalt og kjend gjennom lokal media. Saka har også elles fått stor lokal merksemd. Vedtaket vil difor berre verte kunngjort på vår nettside, og vi oppmodar kommunen om å orientere om saka og vedtaket på si nettside. Når dette er gjort reknar vi med at underretning til ålmenta tilfredsstillar kravet i § 36-18 i forureiningsforskrifta.

Tiltakshavar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagerett for eventuelle interessantar med rettsleg klageinteresse vil vere tre veker etter siste oppslag på nettsidene. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg
Løyve til verksemd etter forureiningslova



Løyve etter forureiningslova til opprydding i forureina grunn og utfylling i sjø Litlevatnet, Kinn kommune

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og endra i medhald av § 18 første ledd nummer 5. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknaden og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 12.

Løyvet gjeld frå i dag. Løyve til tiltak gjeld fram til 1.7.2025. Dersom tiltak som miljømessig kan ha noko å seie ikkje kan gjennomførast i samsvar med dette løyvet, skal tiltakshavar sende ei utgreiing om omfanget slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet. Om nødvendig skal arbeidet stansast inntil det er gitt ei avklaring.

Stad og ansvar

Ansvarleg tiltakshavar	Kinn kommune
Stad/gateadresse og poststad	P.b. 294, 6701 Måløy
Lokalitet i databasen Grunnforurensning	10683 Litlevatnet - skytebane
Kommune og fylke	Kinn i Vestland
Org. nummer (verksemd)	820 956 532
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32N, aust: 289070, nord: 6835610
Gards- og bruksnummer	27/5

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Ephortenummer
2021.0456.T	4602.0254.01	19/8232

Løyve gitt første gong: 28.6.2021	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra: 08.03.2022
Astrid Holte senioringeniør		Åsmund Skancke Karlsnes overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar
1	08.03.2022	4.4.1	Lagt til avsnitt om mellomlagring av farleg avfall frå 300-metersbana
2	08.03.2022	Vedlegg 1	Kart som avgrensar mellomlagring av farleg avfall frå 300-metersbana

Innhaldsliste

1	Ramme for løyvet	4
2	Generelle vilkår	4
2.1	Utsleppsavgrensningar	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	4
2.4	Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.5	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	5
2.6	Internkontroll	5
3	Miljømål	5
3.1	Miljømål	5
3.2	Operative mål.....	5
4	Gjennomføring av tiltaket	6
4.1	Generelt	6
4.2	Graving og mudring	6
4.3	Gjenvinning av massar frå graving og mudring	6
4.4	Mellombels lagring av forureina masse	7
4.4.1	<i>Mellomlagring av massar klassifisert som farleg avfall frå 300-metersbana</i>	7
4.5	Utfylling i Litlevatnet.....	8
4.6	Utsleppsreduserande tiltak.....	8
4.6.1	<i>Utslepp til vatn</i>	8
4.6.2	<i>Utslepp til luft</i>	8
4.6.3	<i>Støy og driftstid</i>	8
5	Avfall	9
6	Energi	9
7	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	9
7.1	Miljørisikoanalyse	9
7.2	Førebyggjande tiltak.....	9
7.3	Beredskapsanalyse.....	10
7.4	Beredskapsplan	10
7.5	Beredskapsetablering	10



7.6	Varsling av akutt forureining.....	10
8	Utsleppskontroll	10
8.1	Kontroll- og overvåkingsprogram.....	10
8.2	Kontroll og overvaking av vatn under gjennomføringa av tiltak	11
8.3	Etterkontroll og -overvaking.....	11
9	Rapportering	11
9.1	Rapportering før tiltaka kan starte opp	11
9.2	Oppdatering av databasen Grunnforurensning	12
9.3	Sluttrapport	12
10	Ansvar, eventuelt eigarskifte, mv.	12
11	Tilsyn	12
	Vedlegg 1	13



1 Ramme for løyvet

Løyvet omfattar følgjande tiltak på og i grunnen på forureina grunn lokalitet 10683 Litlevatnet - skytebane i Kinn kommune:

- Frå heile tiltaksområdet: Fjerne og levere til godkjent sluttdisponering all forureina masse i tilstandsklasse¹ 4 eller høgare klasse. Massar med forureining over grensa for tilstandsklasse 5 skal handterast som farleg avfall.
- Frå delområde naturområde (friluftsliv, park): Unngå om mogleg graving i areal der topplaget har tilstandsklasse 1, 2 eller 3.
- Redisponere på tiltaksområdet eigna forureina masse i samsvar med pkt. 4.3.
- Mellomlagre forureina masse på tiltaksområdet, jf. pkt 4.4.
- Reetablere vegetasjonssone mot breidd av Litlevatnet.
- Fjerne og hindre etablering av framande eller skadelege artar, jf. pkt. 4.3

Løyvet omfattar også løyve til å fylle ut nødvendig og eigna masse i Litlevatnet for å kunne etablere idrettshall.

Utnytting ved utfylling utanom tiltaksområdet er ikkje tillate, jf. pkt 5. Det er ikkje tillate å grave i tiltaksområdet etter fullført opprydding utan etter avklaring med forureiningsstyresmakt.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå tiltaket som er venta å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet, punkt 3 til 8. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

¹ "Tilstandsklasse" i dette dokumentet er definert i Miljødirektoratet (tidlegare SFT) sin rettleiar TA-2553/2009 "Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn"



2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.5 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 7.6.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift ². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 7.1.

3 Miljømål

3.1 Miljømål

Etter gjennomførte tiltak skal tiltaksområdet ikkje lenger vere ei nemneverdig kjelde til helsesisiko for brukarar av området. Konsentrasjon av avrenning frå tiltaksområdet skal vere nær bakgrunnsnivå. Vassførekosten Litlevatnet skal ikkje få redusert økologisk tilstand.

Det skal ikkje kunne etablerast skadelege eller framande artar i tiltaksområdet som følgje av tiltaket.

Arealet skal etter gjennomførte tiltak kunne nyttast til naturområde eller idrettsanlegg.

3.2 Operative mål

Oppryddinga skal føre til at tildekkingslag (øvste meter) ikkje har lågare tilstandsklasse enn 2. Overflatelag (øvste meter) der det ikkje vert gjort tiltak skal tilfredsstillere minimum tilstandsklasse 3.

² Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127



4 Gjennomføring av tiltaket

4.1 Generelt

Oppgraving, tildekking og eventuell redisponering av forureina masse skal skje slik at brukarar av området ikkje vert eksponert for miljøfarlege stoff. Spreiing av partikkelbunden forureining skal vere så låg at det ikkje utgjør ein uakseptabel miljøpåverknad.

Tiltak må gjennomførast på ein så skånsom måte som mogeleg for miljøet, og med bruk av beste tilgjengelege teknikkar. Transport, lagring og annan handtering av oppgravne massar skal skje slik at mogleg søl, støy og støv vert minimert. Eventuell søl eller restar frå lagringa må samlast opp så langt som råd med tørr metode.

Arbeidsoperasjonar må gjennomførast av personell med dokumentert kompetanse, og alt personell må vere kjent med vilkåra i løyvet.

Den ansvarleg skal varsle Statsforvaltaren om oppstart seinast fire veker før arbeidet startar opp. Krav til innhald går fram av pkt. 9.1.

4.2 Graving og mudring

Område med eventuelle skadelege eller framande artar³ skal merkast i terrenget før tiltak kan starte. Jord med slikt innhald skal destruerast eller gjerast spiringsudyktig. Tiltakshavar må gjere det som er nødvendige for å sikre at anleggsarbeidet, under dette oppgraving og disponering av forureina masse, ikkje fører til spreiiing av forureining eller framande, skadelege artar utanom tiltaksområdet eller fare for skade på helse og miljø. Eventuelle sjeldne eller rødlista plantar skal takast vare på under tiltaket og om nødvendig reetablerast.

Areal der det skjer graving eller der ålmenta kan kome i kontakt med forureining i tiltaksområdet, skal vere sperra av.

4.3 Gjenvinning av massar frå graving og mudring

Det skal vere utarbeidd tilstrekkelege miljøtekniske granskingar av oppgravne massar til å kunne avgjere vidare handtering i samsvar med krav i dette løyvet. Det skal nyttast teknikkar for gravinga/mudringa som gir minst mogleg spreiiing av miljøgifter og partiklar. Teknikkane skal vurderast ut frå samansetjinga av massane og vidare handtering. Kriteria for byte av teknikkar skal omtalast i internkontrollen.

Det skal etablerast ein avfallsplan og miljøsaneringsskildring i samband med gravinga / mudringa, og ei utgreiing av korleis massane frå arbeida skal handterast må inngå i avfallsplanen. Tiltakshavar skal ha dokumentert oversikt over

- tidspunkt og stad for opptak og mengder av massar som vert grave opp eller mudra,
- tidspunkt og stad for funn av avfall,
- stad, sikring og tid for mellomlagring av massar,
- disponering av massar og avfall.

³ Jf. Artsdatabanken



Massar frå graving / mudring i tiltaksområdet kan nyttast til utfylling/tildekking innafor tiltaksområdet dersom behov og så framt dei tilfredsstillar funksjonskrav og krav til maksimalt innhald av forureining.

Massar nytta i topplag skal ikkje innehalde framande, skadelege artar.

Ikkje-organiske partiklar større enn 25 mm utan synleg belegg kan sorterast frå og nyttast alle stader til utfyllingsføremål i samsvar med § 32 i forureiningslova. Eventuell fråsortering må skje på areal innafor tiltaksområdet.

Oppgravne massar som vert vurdert nytta til utfylling innafor tiltaksområdet skal tilfredsstillast:

- Massane må vere eigna til føremålet og erstatte reine massar som elles ville vert nytta.
- Som topplag (øvste meter): Tilstandsklasse 2.
- Utfylling under 1 meter under topplag og minst 0,5 meter over øvste grunnvassnivå: Tilstandsklasse 3. Tilstandsklasse 4 vert akseptert dersom stadspesifikk spreingsanalyse tilseier låg fare for spreining på sikt.
- Utfylling under 1 meter utan sikring mot grunnvatn: Reine massar i tilstandsklasse 1 (massar under normverdi).

4.4 Mellombels lagring av forureina masse

Oppgravne forureina massar kan lagrast innafor tiltaksområdet inntil eitt år for massar som skal sluttdisponerast i godkjent avfallsanlegg, og inntil to år for massar som kan nyttast innafor tiltaksområdet.

Lagra massar i ulike tilstandsklassar skal ikkje blandast saman. Massar i tilstandsklasse 3 – 5 kan berre lagrast på fast dekke eller på fiberduk som tåler maskinkøyring. Underlaget må ha avrenning mot mogleg oppsamlingspunkt. Dersom total suspendert stoff frå avrenning under nedbør er høgare enn 500 mg/l, må passande tiltak setjast i verk.

Oppgrave masse som er farleg avfall skal ikkje mellomlagrast, men skal fraktast til godkjent slutt-mottak seinast innan 24 timar. For mellomlagring av massar som er klassifiserte som farleg avfall frå 300-metersbana gjeld krav i punkt 4.4.1.

Dersom massar frå mudring i vatnet skal gjennvinnast på land skal dette ikkje føre til luktulempar utanom tiltaksområdet. Overskotsmassar med forureining i tilstandsklasse 3 eller høgare og annan masse som ikkje er eigna til gjenvinning skal leveres til godkjent deponi eller behandlingsanlegg med løyve etter forureiningslova.

4.4.1 Mellomlagring av massar klassifisert som farleg avfall frå 300-metersbana

Oppgrave masse som er farleg avfall frå kulefangarområdet til 300-metersbana kan mellomlagrast i inntil 72 timar. Plassering av mellomlageret er avgrensa av kartet i vedlegg 1. Overflatevatn i overkant av mellomlageret må avskjærast. For å hindre partikkelavrenning skal



det etablerast sandvollar med en høgde på 0,7m nedstrauts mellomlageret med overliggende fiberduk. Dei mellomlagra massane må dekkast til med tett presenning for å hindre avrenning.

4.5 Utfylling i Litlevatnet

Kinn kommune kan fylla ut masse i Litlevatnet for å kunne etablere idrettshall som vedteke i kommunal plan. På fyllingsfronten skal det etablerast ei vegetasjonssone.

Dersom sedimenta er forureina skal sedimentoverflata sikrast mot spreiding med passande tiltak.

4.6 Utsleppsreducerande tiltak

4.6.1 Utslepp til vatn

Eksisterande og nye vassvegar skal leiast mot punkt som skal tilretteleggast for prøvetaking og eventuell reinsing. Maksimal konsentrasjon av utslepp til Litlevatnet frå nokon av delstrautane til vatnet skal ikkje vere høgare enn:

TSS (totalt suspendert stoff)	500 mg/l kontinuerleg i driftstid
Bly (Pb)	50 µg/l gjennomsnitt i driftstid og døgn
Zink (Zn)	100 µg/l gjennomsnitt i driftstid og døgn
Antimon (Sb)	5 µg/l gjennomsnitt i driftstid og døgn
Koppar (Cu)	20 µg/l gjennomsnitt i driftstid og døgn
Olje	100 µg/l stikkprøve i driftstid

Dersom TSS-målingane er over grenseverdi i meir enn 60 min., skal arbeidet stansast i det området som kan vere årsak til overskridinga, og det skal takast stikkprøve av avløpsvatnet som skal analyserast for parameter i tabellen. Arbeidet kan ikkje starte opp att før TSS er under grenseverdi.

Dersom det viser seg at suspendert stoff ikkje vert tilstrekkeleg fjerna i fangdam/filter, kan det alternativt etablerast siltgardin i Litlevatnet som vist på kart i tiltaksplanen på s. 70. Suspendert stoff utanfor ein eventuell siltgardin skal ikkje vere større enn 4 gonger bakgrunnsverdi før arbeid mellom bels må stoppe.

Rekkefølgekrav

Opprydding av forureina grunn nærast vasskanten til Litlevatnet skal skje etter at overliggende terreng er ferdig sanert.

4.6.2 Utslepp til luft

Tiltakshavar pliktar å gjennomføre effektive tiltak for å redusere støvutslipp under saneringsarbeidet. Dette gjeld både ved transport og eventuell lagring av masse, og under tildekkingsarbeidet.

4.6.3 Støy og driftstid

Tiltakshavar skal så langt råd er halde mest støyande aktivitetar til dagtid (0700 – 1900) og kvardag.



5 Avfall

Oppgrave jord/massar er næringsavfall. Jord/massar som er forureina i tilstandsklasse 2 eller høgare og som ikkje kan nyttast innanfor tiltaksområdet, skal leverast til godkjent avfallsanlegg. Utnytting av slike massar ved utfylling eller på annan måte utanom tiltaksområdet skal ikkje skje.

Mellombels lagring av forureina jord/massar utanom godkjent tiltaksområde kan berre finne stad etter særskilt løyve etter forureiningslova.

Tiltakshavar pliktar så langt det er mogleg utan urimelige kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følge av tiltaket. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest mogleg. Tiltakshavar skal sørge for at all handtering av avfall, medrekna farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningsregelverket.

6 Energi

Tiltakshavar skal drive sine aktivitetar mest mogleg energieffektivt. Vurderingar skal inngå i interkontrollen til verksemda, jf. pkt. 2.6 og minst omtale effektiv drift av maskinpark, ev. varmeveksling og bruk av energikjelder.

Bruk av elektrisitet eller naturgass skal prioriterast som energikjelde der det er teknisk og økonomisk mogleg.

7 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

7.1 Miljørisikoanalyse

Tiltakshavar skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultatata med sikte på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flom med vidare og framtidige klimaendringar.

Tiltakshavar skal ha oversikt over miljøressursar som kan verte råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

7.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal tiltakshavar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.



7.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal tiltakshavar utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal tiltakshavar utarbeide og grunngi

- a. organisering av beredskapen,
- b. nødvendig beredskapsutstyr,
- c. nødvendig mannskap,
- d. responstid.

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forurensning.

7.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av tiltakshavar sin internkontroll.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte organiseringa av beredskapen, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

7.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

7.6 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift⁴. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvalteren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

8 Utsleppskontroll

8.1 Kontroll- og overvakingsprogram

Tiltakshavar skal syte for kontroll og overvaking av oppryddingstiltaka i samsvar med eit kontroll- og overvakingsprogram. Overvakinga skal skje før, under og i etterkant av tiltaka, og skal i tilstrekkeleg grad påvise eventuell spreiding av forureining over fastsette grenseverdier fastsett i dette løyvet. Programmet må omtale relevante forhold som gjeld luft, grunn, vatn, sediment, flora og fauna.

Plassering av prøvetakingspunkt, prøvetakingsfrekvens, og korleis og i kva for media (biota, sediment m.m.) granskningane vil verte gjennomført, skal grunngjevast i programmet.

⁴ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



Ei miljørisikovurdering skal ligge til grunn for programmet, jf. pkt. 2.6 om internkontroll og 7.1 om miljørisikoanalyse. Granskingane må gjennomførast av fagkyndig, uavhengig konsulent i samsvar med overvåkingsprogrammet. Prøvetaking kan gjennomførast av representant for tiltakshavar etter opplæring. Kontroll- og overvåkingsprogrammet skal minimum innehalde:

- Inngåtte avtalar med masseleverandørar om krav til maksimalt innhald av forureining i tildekkingsmassane, og opplegg for kontroll av at dette vert stetta, jf. pkt. 4.
- Skildring av korleis massane eventuelt skal mellomlagrast og ein plan for avbøtande tiltak, jf. pkt. 4.4.
- Skildring av metodar nytta for opptak, transport og annan handtering av massar i samband med graving / mudring, jf. pkt. 4.
- Skildring av tiltak for å hindre spreieing av forureining og partiklar, jf. pkt. 4.6 om utsleppsreducerande tiltak.

8.2 Kontroll og overvaking av vatn under gjennomføringa av tiltak

Det skal takast prøver og analyserast tilstrekkeleg for parameter omtalt i pkt. 4.6. Eventuell overskriding skal handterast som avvik (jf. pkt. 2.6), arbeidet må om nødvendig stansast og tilstrekkelege tiltak for å hindre ny overskriding må setjast i verk.

Prøvetaking, behandling og analyse skal utførast etter Norske Standarder (NS). Dersom NS ikkje finst, kan annan, utenlandsk/internasjonalt standard benyttes. Laboratorium/tenester med relevant akkreditering skal nyttast der dette er mogleg.

8.3 Etterkontroll og -overvaking

Etter gjennomført tiltak skal tiltakshavar kontrollere at den utførte oppryddinga tilfredsstillar miljømålsetjinga som er skildra i tiltaksplanen og som også ligg til grunn for målsetjinga med tiltaket, jf. pkt 3. Etterkontrollen skal dokumentere at vertikal høgde og kvaliteten på dei ulike tildekking-/utfyllingslaga er som føreset.

Utslepp til vatn skal overvakast i minst 3 år, eller til avrenning er redusert til tilnærma bakgrunnsforhold. Reetablering av eventuelle sjeldne artar eller kontroll med etablering av framande eller skadelege artar skal følgjast opp årleg i minst 5 år etter at tiltaket er avslutta. Overvåkingsprogrammet skal sendast til Statsforvaltaren saman med sluttrapporten for tiltaket.

9 Rapportering

9.1 Rapportering før tiltaka kan starte opp

Varsel om oppstart skal sendast til Statsforvaltaren seinast fire veker før arbeidet startar opp, jf. pkt 4.1. Om nødvendig skal varselet innehalde oppdatert informasjon om:

- Miljørisikovurdering inkludert beredskapsplan
- Metodar for graving, transport, utfylling, tilbakefylling og eventuell mudring av massar
- Rekkefølgeplan
- Detalj kart så langt som råd over massar med ulik tilstandsklasse, eventuell påvising av sjeldne eller skadelege, framande artar



- Kontroll- og overvåkingsprogram for oppryddinga

9.2 Oppdatering av databasen Grunnforurensning

Tiltakshavar ska syte for at databasen Grunnforurensning er oppdatert for lokaliteten "10683 Litlevatnet - skytebane". Analysedata for kvart prøvepunkt skal importerast til databasen. Før arbeidet kan setjast i gang skal notilstand verte utfylt og sendt til Statsforvaltaren for godkjenning. Når tiltaket er gjennomført skal data oppdaterast i databasen og datasettet frå den miljøtekniske rapporten før tiltaket setjast til "historisk".

9.3 Sluttrapport

Sluttrapport frå oppryddinga skal sendast til Statsforvaltaren innan seks månedar etter at anleggsarbeidda er avslutta. Rapporten skal oppsummere anleggsarbeidda, og skal minimum omtale:

- Oppsummering av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planlagt arbeid.
- Mengd og type masse som er brukt i tildekkinga med omtale av kor massane kjem frå.
- Resultat frå gjennomføring av de utsleppsreducerande tiltaka og ei vurdering av korleis desse tiltaka har verka eller verker.
- Skildring av erfaring med utstyr, teknologi og liknande.
- Oppsummering av resultat frå gjennomført overvåkingsprogram.
- Oppsummering av eventuelle brot på vilkåra i løyvet med skildring av tiltak som er gjennomført, og om brota kan ha hatt negativ verknad på miljøet.
- Oppsummering av eventuelle andre uønskte hendingar. Omtal eventuelle tiltak som er gjennomført for å hindre uheldig påverknad på miljøet.
- Plan for etterovervåking.

Overvåkingsdata i Litlevatnet skal registreres i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innen 1. mars året etter at analyseresultat er ferdige. Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no.>

10 Ansvar, eventuelt eigarskifte, mv.

Tiltakshavar er ansvarleg for at alle krav i dette løyvet vert stetta, uavhengig av eventuelle underentreprenørar eller innleigde firma.

Dersom ansvar for resterande / delar av tiltak i samsvar med dette løyvet vert vurdert overdrege, skal det sendast søknad til Statsforvaltaren på førehand.

11 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.



Vedlegg 1

Kartet viser, ved rosa stipla linje, tillaten plassering av mellomlageret for oppgravne masse klassifisert som farleg avfall frå 300-metersbana.

